




# Haugaland brann og redning iks

## Budsjett 2024

## Økonomi- og handlingsplan 2024 - 2027



Haugesund,

  
Dag Betnen  
brannsjef

Haugesund, 11.10.2023

# INNHALDSFORTEGNELSE

---

<b>1 FORORD</b> .....	<b>2</b>
1.1    Innleiing.....	2
1.2    Organisering.....	2
1.3    Styrande dokument .....	2
<b>2 SAMMENDRAG, ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2024 - 2027</b> .....	<b>3</b>
2.1 DRIFTSBUDSJETT .....	3
<b>3    RAMMEVILKÅR</b> .....	<b>4</b>
3.1    Selskapets mål og strategiar samt rammevilkår .....	4
3.2    Avdelingar og oppgåver .....	4
<b>4 SÆRSKILTE UTFORDINGER I PERIODEN</b> .....	<b>5</b>
4.1    Etablering og drift .....	5
4.2.    Kompetanse .....	6
4.3    Stasjonar og hms.....	6
4.4    Økonomi.....	7
<b>5    ØKONOMISKE SYNERGIEFFEKAR</b> .....	<b>8</b>
5.1 Rapport av 2. oktober 2015 .....	8
5.2    Organisering.....	9
5.3    Investeringar og kjøp .....	10
5.4    Kompetanse .....	10
<b>6    ØKONOMI</b> .....	<b>11</b>
6.1    Finansielle måltal .....	11
6.2    Økonomisk oversikt .....	11
6.4    Inntekter .....	13
6.5    Fond .....	13
6.6    Gjeldsbyrde .....	13
<b>7    SJØLVKOSTOMRÅDET FEIING OG TILSYN</b> .....	<b>14</b>
7.1 GRUNNLAG FEIE- OG TILSYNSGEBYR .....	14

# 1 FORORD


## 1.1 INNLEIING

Haugaland brann og redning iks sine hovudoppgåver er å overvake risikobiletet og etablere førebyggjande og beredskapstenester som er i samsvar med kartlagt risiko. Samarbeid og kompetanse er viktig for effektiv risikohandtering. Å redusere sannsynlegheit er meir gunstig enn å handtere konsekvensar. Kontinuerleg og spissa førebyggjande arbeid samt ein effektiv og rett dimensjonert beredskap når hendingar skjer, er viktig for å drifte godt økonomisk og samstundes nå nasjonale mål, men også mål sett av eigarar og selskapet sjølv.

Forutsigbare rammer og tydelege mål er nødvendig for å drifte effektivt våre 15 stasjonar og våre 250 dyktige tilsette. Visjonen for HBR er å vera det leiande brannvesenet i Noreg innanfor sine fagområde. Gjennom visjonen skal det drivast fram kostnadseffektive løysingar.

## 1.2 ORGANISERING

Haugaland brann og redning iks er organisert som eit interkommunalt selskap med seks eigarar der representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Selskapet er dimensjonert ut frå innbyggartal og er tilpassa den risiko som er i regionen.



## 1.3 STYRANDE DOKUMENT

Brann og eksplosjonsvernloven gir dei oppgåver og plikter som brann- og redningsvesenet skal løyse for våre eigarkommunar. Selskapsavtala saman med eigarstrategien er førande for korleis eigarane sine mål for selskapet skal nåast gjennom godt samarbeid samt god og forutsigbar økonomisk styring.

Budsjett med økonomi- og handlingsplan er eit styringsdokument som viser korleis selskapet skal nå eigarane sine mål gjennom drift og for å sikre at gjeldande brannokument vert innfridd.

## 2 SAMMENDRAG, ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2024 - 2027

### 2.1 DRIFTSBUDSJETT

Økonomi- og handlingsplanen som er lagt fram tek utgangspunkt i revidert økonomi- og handlingsplan vedteke som sak 23/005 i representantskapet 15. mai 2023. Planen fører vidare prinsippet om rammestyring der forventa nedtrekk på 1 % er gjennomført etter at deflator for 2024 er lagt til. Deflator har SSB estimert til å vera 4,5 %.

I den tid me er i, vil det vera ei rekke usikre faktorar for budsjett 2024 samt for økonomi i heile planperiode. Dei siste to åra er deflator 2-3 % over det som er budsjettert, noko som tilseier at nedtrekk er reelt høgare enn det som budsjettet legg opp til. Dette saman med få moglegheiter for å gjere grep, gir selskapet og kommunane økonomiske utfordringar.

Økonomi- og handlingsplanen er justert med den konsekvens av at kommunane Etne og Suldal ikkje er ein del av selskapet frå og med 1.1.2023 og 1.6.2023. Det er teke høgde for sal av teneste til Suldal i ein overgangsfase fram til dei har funne andre løysingar frå og med 1.1.2025.

I etableringsfasen av selskapet har det vore ei rekke utfordringar og det er sannsynleg at det også vil vera utfordringar i kommande planperiode i all den tid at økonomiske forventningar ikkje samsvarar med det handlingsrommet som selskapet har. Det skal likevel slåast fast:

Haugaland brann- og redning iks levere ei betre og rimelegare teneste i dag enn det som kvar einskild kommune vil klare åleine.

Dette vert skrive då det vert hevda frå fleire eigarar at selskapet er dyrare no enn det som var tilfellet då kommunane dreiv sine eigne brann- og redningsvesen. Etne og Suldal har begge eit høgare budsjett når dei vart sjølvstendige. Sveio har dokumentert at dei ikkje kan stå åleine som følgje av kostnad.

Årsak til kostnadsauke for selskapet er mellom anna:

- Generell pris- og lønsvekst samt sentral særavtale.
- Gjennomføring av pålegg gitt av Arbeidstilsynet (brannstasjonar).
- Oppgradering av køyretøy.
- Oppgradering av nødnett.

Desse kostnadane kjem uavhengig av organisasjonsform og det vil vera kostnadseffektivt å gjera dette saman framfor at kvar einskild kommune skal stå for dette åleine. Haugaland brann og redning iks skal vera eigarkommunane sitt verktøy for å koma framtidige utfordringar i møte på ein profesjonell måte, men til lågast mogleg pris.

Det må vera samsvar mellom det som er faglege og økonomiske forventningar til selskapet og det som er handlingsrommet av tiltak.

### 2.2 INVESTERINGSBUDSJETT

Ny selskapsavtale er vedteke utan auke i låneramma. Det er i økonomi- og handlingsplanen lagt opp til at kommunane sjølv finansierer sine lån (etterslep) av dei investeringane som selskapet har gjort på vegne av eigarane som ikkje innfridde selskapsavtala § 2.1 ved oppstart. På denne måten vil selskapet vera godt under gjeldsbyrda som selskapet sjølv er ansvarleg for.

Vidare er det lagt opp til å ikkje investere i 2024 fram til selskapsstruktur og branndokument er fastsett av eigarkommunane.

## 3 RAMMEVILKÅR

### 3.1 SELSKAPETS MÅL OG STRATEGIAR SAMT RAMMEVILKÅR

Selskapet skal gjennomføre pliktene som eigarkommunane har etter brann- og eksplosjonsvernlova. Dimensjonering skal skje ved ein analyse av risiko- og sårbarheit i regionen der tiltak vert ut frå ein beredskapsanalyse. Endeleg brannokument skal vedtakast av kommunane.

Mål og strategi for selskapet kjem fram av selskapsavtala, herunder:

- Økonomistyring
- Organisering og styringsmodell
- Hovudstasjon og øvrige stasjonar
- Ansvar og oppgåver til styret og dagleg leiar.

Mål og strategi kjem ut frå at eigarkommunane ønskjer eit samarbeid for å få gode nok tenester i regionen innanfor prinsippet «godt, men nøkternt».

Viktige føringar er gitt i følgjande lover, forskrifter og andre dokument:

- Lov om interkommunale selskap (sist endra 02.06.2023)
- Brann- og eksplosjonsvernlova (sist endra 27.01.2023)
- Brann- og redningsforskrifta (ny 01.03.2023)
- Forskrift om brannforebygging (sist endra 11.06.2023)
- Brannstudien (desember 2013)
- NOU 2012:4 Trygg hjemme
- Meld. St. 5 (2020–2021) Samfunnssikkerhet i en usikker verden
- Meld. St. (2023) Fremtidens brann- og redningsvesen

### 3.2 AVDELINGAR OG OPPGÅVER

Hbr iks skal etter brann- og eksplosjonsvernlova, og på vegne av kommunane:

#### **§§ 9 og 10: etablere og drifte brann og redningsvesenet samt rapportere**

Det er etablert eit interkommunalt selskap som skal gjennomføre oppgåva gjennom å etablere system for økonomi, HR og lønssystem, internkontroll og kvalitetssikring, rapportering, sakshandsaming og leiging.

#### **§§ 11 - 14: oppgåver og fullmakter**

*Førebyggjande avdeling* skal gjennomføre oppgåver som er tilpassa risiko og sårbarheit der førebyggjande analyse er dokumentet som seier kva som skal gjerast og korleis avdelinga skal vera organisert. Oppgåver er blant anna:

- Initiere og gjennomføre informasjonskampanjar samt utøve informasjon i det daglege.
- Kartlegge særskilte brannobjekt og andre risikoområder for å utøve tilsyn i slike objekt og områder. Det vert særskilt nemnd at det er ein nasjonal føring for å førebygge inn mot risikoutsatte grupper.
- Gjennomføre tilsyn og feiing av fyringsanlegg i bustadar og fritidsbustadar. Feiing og tilsyn er sjølvkostområde og skal gjennomførast etter kartlagt behov (frekvens).

*Beredskapsavdelinga* skal handtere brannar og andre akutte ulukker som kan forventast i regionen. Type hendingar kjem fram av kartlagt risiko og sårbarheit. Beredskapsanalysa seier korleis avdelinga skal dimensjonerast og oppgåver løysast.

Beredskapsanalyse er ikkje godkjent av representantskapet og det må i planperioden jobbast for å få denne godkjent for å kunne utvikle selskapet vidare i tråd med eigarforventningane.

#### **§ 15: samarbeid**

Kommunane er pålagt å samarbeid for å finne lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessig oppgåver med sikte på best mogleg utnytting av samla ressursar.

## 4 SÆRSKILTE UTFORDINGER I PERIODEN

### 4.1 ETABLERING OG DRIFT

Det er eit mål om å drive eit kostnadseffektivt brann- og redningsvesen der oppgåver skal løysast for eigarkommunane på ein måte som er betre i fellesskap enn om kvar kommune skal gjera dette åleine. I arbeidet med å etablere Haugaland brann og redning og samstundes drifte dette ut frå intensjonar, har det vore ein utfordrande veg fram til i dag, og vegen vil truleg ha utfordringar også i neste planperiode.

**Selskapsavtale:** Selskapsavtalen er det styrande dokumentet for styret og dermed også administrasjonen. Revidert avtale er vedteke i alle eigarkommunane. Er det ønskje om ein annan retning enn det som var intensjonen med selskapet då dette vart etablert i 2018, er selskapsavtalen er viktig reiskap for å få dette til.

**Eigarstrategi:** Selskapet har ein eigarstrategi som er vedteke i 2017, men som eigarane har signalisert må endrast då selskapet ikkje kan følgje denne fullt ut. Eigarstrategien er eit viktig dokument for å skape forutsigbare prosessar og må på plass tidleg i planperioden. Utan ein revidert eigarstrategi vil det oppstå uvisse i styret og administrasjonen om forventningar og kva retning selskapet skal jobbe i.

**Politisk:** Det er fleire utfordringar inn mot politisk arbeid i kommunane. Det kan vera enkeltsaker til det å stille spørsmål til vårt eksistensgrunnlag. Ein del av det som vert teke opp i politiske forum må tilskrivast manglande kunnskap og det må derfor jobbast med informasjonsflyt frå representantskap og inn mot kommunane. Vidare må det etablerast rutinar som sikrar den styring som eigarane forventar overfor selskapet. For begge desse område vil eigarstrategien vera det verktøyet som må på plass.

**Omdømme:** Selskapet sitt omdømme må bli betre. Dette må sjåast i samanheng med eigarstyring, men også selskapet sitt eige arbeid for å selje det gode arbeidet som vert lagt ned av dei tilsette. Det er etablert «sanningar» om forhold som ikkje er slik dei vert framstilt:

- «HBR er blitt vesentleg dyrare enn før...». Det som må samanliknast er ikkje budsjettet til kvar kommune før etablering av selskapet, men kva som kostnaden vil vera om ein for eksisterande kroneverdi går tilbake til kommunale brannvesen. Sveio har dokumentert at dette ikkje er mogleg utan større kostnader. Etne og Suldal har eit dyrare brannvesen i dag enn det som var tilfelle når dei var med i HBR.
- «IKS som driftsform er for dyrt...». Kostnadsauke som ligg til selskapet skuldast tiltak som selskapet skulle løyse for eigarane og det vil vera kostnad med å løyse desse tiltaka kvar for seg (brannstasjonar, kompetanse, vaktordningar m.m.).
- «Arbeidsmiljøet i HBR er dårleg...». Me har eit lågt sjukefråvær og arbeidsmiljøundersøkingar i 2022 viser at arbeidsmiljøet er godt.

**Analysar:** Beredskapsanalyse trinn 2 er ikkje godkjent i representantskapet. Vidare er det signalisert at trinn 1 skal vurderast på nytt. Beredskapsanalysa må i planperioden fastsettast for å kunne utvikle selskapet i tråd med eigarforventningane.

**Selskapsform:** Det er ein pågåande politisk debatt om selskapsform der fleire ytrar ønskje om å gå ut av selskapet og drive dette som kommunalt føretak eller som eigne kommunale brann- og redningsvesen. Denne debatten skal ikkje styret eller administrasjon delta i, men skal levere den informasjon som vert etterspurt. Det må likevel forventast at alternativ vert utgreia før slutningar vert gjort. Mål for selskapet er innfridd når det gjeld økonomi, fagleg tyngde og effektivitet sjølv om det i nokon samanhengar vert hevda noko anna. Det er derfor viktig å vera like sikker på kvar ein svarar «ja» til som det ein seier «nei» til.

**Økonomi:** Se 4.4

**Stasjonar:** Se 4.3

## 4.2. KOMPETANSE

Ein av hovudgrunnane til at Haugaland brann og redning iks vart etablert, det var å gjennomføre kompetansehevande tiltak som er utfordrande for kvar ein skild kommune å gjera kvar for seg. Kontinuitet, interne instruktørar og samarbeid mellom stasjonane sikrar at økonomien i kompetansehevinga er økonomisk gunstig samanlikna med tidlegare gjennomføringer. Ein suksessfaktor for selskapet har vore nettopp kompetanseheving. Å har tilsette med nødvendig kunnskap, trening og erfaring er heilt nødvendig for å sikre at mål vert nådd.

Det er i 2023 gjennomført eit minimum av kompetansehevande tiltak som ein konsekvens av den økonomiske situasjonen til selskapet. Dette må endrast i planperioden for å unngå at etterslepet av lovpålagt kompetanse bygger seg opp att til eit nivå som me hadde ved oppstart av selskapet. Lovpålagte kurs er mellom anna:

- Grunnkurs for brannkonstabel 220 t (brann- og redningsskolen som vert gjennomført lokalt).
- Utrykningsleiarkurs 220 t (brann- og redningsskolen som vert gjennomført lokalt).
- Nettkurs brannkonstabel (brann- og redningsskolen som vert gjennomført lokalt).
- Utrykningskøyering 80 t (køyreskule, vert gjennomført lokalt).
- Klasse 2 40 t (køyreskule, vert gjennomført lokalt).

I tillegg kjem lovpålagte kurs innanfor førstehjelp, resertifisering 160, arbeid i høgda, bruk av motorsag m.m.

Kutt i ramma må skje på andre områder enn innanfor kompetanse i all den tid dette er eit av formåla med å drifte Haugaland brann og redning iks.

## 4.3 STASJONAR OG HMS

Forsking har vist at brannyrket har ein risiko der eksponering av gass, røyk, kjemikaliar og partiklar gjer til at tilsette har høgare risiko for å få kreft. Med det som utgangspunkt har Arbeidstilsynet gjennom tilsyn i alle brann- og redningsvesen i 2016 der svært mange har fått pålegg om å utbetre brannstasjonane.

Ei viktig oppgåve for selskapet var å ivareta oppfølging av pålegget om utbetring av stasjonane som eigarane hadde og som selskapet fekk overført i 2019. Utbetringa skulle sikre at tilsette hadde fasilitetar som var i tråd med dei krav Arbeidstilsynet set ut frå lov og forskrift.

Det er ein utfordring av HBR som verksemd er part overfor Arbeidstilsynet medan eigarane skal etter selskapsavtala stille til disposisjon godkjente lokale til selskapet. På denne måten vert HBR eit mellomledd i korrespondanse med Arbeidstilsynet og er avhengig av at eigarane følgjer opp dei pålegg som er gitt for å unngå at det vert gitt dagmulktar som følgje av at pålegg ikkje vert innfridd innanfor tidsfristar.

Det er lagt opp til at beredskapsenteret på Raglamyr er navet i organisasjonen der øvrige brannstasjonar skal få alt utstyr reingjort og klargjort her. Vidare vil dette vera ein ressursstasjon som leverer nytt utstyr direkte til skadestad. Alternativet er å etablere reingjering på kvar stasjon (1-2'' per stasjon).

Per i dag er 12 av 15 stasjonar ikkje utbetra ut frå pålegg som Arbeidstilsynet har gitt. Det er ein reell risiko for at selskapet får dagmulktar om ikkje pålegg er utbetra innan 2024.

### **Hovudstasjon**

Det skal også skrivast at hovudbrannstasjonen på Raglamyr er ikkje berre ein beredskapsstasjon. Stasjonen skal samle ressursane for heile selskapet for at me skal samle kompetanse på ein og same stad. Stasjonen er eit «nav» i organisasjonen som skal sikre at alle løysingar i selskapet vert utnytta best mogleg.

Plassering av hovudbrannstasjonen er god med tanke på eigarstruktur, men også med tanke på eit framtidig samarbeid med Haugesund kommune. Det skal minnast om at plasseringa til Haugesund brannvesen og vår hovudbrannstasjon er det som vart lagt fram som beste alternativ til plassering i 2018.

Hovudbrannstasjonen erstattar tre deltidstasjonar og kostnadar må sjåast i samanheng med dette. Endringar i kostnadar er estimert til:

Løn: tilsvarande som i dag under føresetnad av at SFS 2404 ikkje vert endra.

Drift: med utgangspunkt i at alternativet er å bygge 3 deltidstasjonar og drift av desse, vil driftskostnadar vera 2,1'' for hovudbrannstasjonen minus det desse tre stasjonane ville hatt av kostnad, ref. utrekning frå Karmøy kommune 18.03.2022.



Leige: Tilsvarande for drift. Leige er rekna til 6'' og må sjåast opp mot kostnad for leige av 3 oppgraderte/nye deltidstasjonar samt lokale til administrasjon/feing i Kopervik samt administrasjon/tilsyn i Diktervegen.

### Veastasjon

Veastasjon vil vera ein beredskapsstasjon og vil ikkje ha administrasjon eller førebyggjande ressursar. Det vert endra frå to deltidstasjonar (med høg aktivitet) til ein felles stasjon. Stasjonen må vera heiltidsbemanna ut frå plassering og at denne dekker to tettstadar der dimensjoneringsgrunnlag er over 20 000 innbyggjarar.

Løn: det vil vera ein auke på 6-7'' under føresetnad av at SFS 2404 ikkje vert endra.

Drift: det er ikkje utrekningar på dette per i dag, men ut frå aktivitetsnivået for Kopervik og Åkra vert det estimert at kostnadane vil ligge på det same nivået som to nye deltidstasjonar.

Leige: Tilsvarande som for drift.

## 4.4 ØKONOMI

Husleige: Det er ein forventning frå eigarane at 70 % av auke i husleige skal dekkast gjennom den økonomiske ramma som selskapet har i dag. Dette vil ha ein kostnad på  $\pm 5''$  i planperioden.

Lønsvekst: Som selskap skal me budsjettere med deflator. Forventa deflator har sidan oppstart vore mindre enn reell deflator. For 2023 var skilnaden 2 %, noko som på løn utgjorde  $\pm 2''$  og som må dekkast inn over tildelt ramme.

Drift: Tilsvarande som for løn skal det budsjetterast etter deflator. Det er utfordrande at prisvekst har dei siste åra vore høgare der spesielt 2023 utgjør ein stor differanse. Som eksempel er forsikringar auka med 7,5 % og husleige frå kommunane med 7,5 % (0-18 %).

Videre pålegg staten selskapet oppgåver og plikter utan at det følgjer med midlar. Eksempel er oppgradering av nødnett, nytt oppdragshandteringsverktøy, nye krav til kompetanse m.m.

Inntekter: Det er per i dag faste inntekter til selskapet der det først og fremst er rammeoverføring frå kommunane som finansierer brann- og redning. Utover dette er det tilknytingsavgift for brannalarmanlegg samt feie- og tilsynsgebyr. Det vert jobbe med eit prosjekt for å sjå på andre potensielle innteningsområder.

Investering: Med ei låneramme på 20'' må eigarkommunane ta sine eigne lån på eigen låneramme. Selskapet har fram til i dag gjennomført investeringar av det som kommunane skulle investere fram til selskapet sin oppstart, noko som har gjort til at andre investeringar ikkje har vore mogleg.

Utfordringa med ovannemnde er at auke i kostnad må skje ved strukturelle endringar av selskapet då det ikkje er mogleg å ta dette frå eksisterande drift. Strukturelle endringar kan vera innanfor:

- a. Stasjonsstruktur der stasjonar vert lagt ned.
- b. Innanfor stillingar der tilsette vert redusert.
- c. Innanfor funksjonar der vakter vert teke bort.
- d. Innanfor oppgåver som røykdykking, akutthjelparar, redning i vatn m.m.
- e. Innanfor avtalar med andre som redningsdykking og kjemikaliedykking.

Det må vera eit forutsigbart samspel med eigarane om framtidens brann- og redningsvesen. Det vil ikkje vera mogleg å oppretthalde dagens førebyggjande- og beredskapsnivå samstundes som det vert krevd reduksjon i ramma. Dette bør styrast gjennom beredskapsanalyse/brannokument med sakshandsaming i styrande organ og ikkje gjennom nedtrekk i ramma og samstundes krevje at beredskap skal ikkje reduserast.



## 5 ØKONOMISKE SYNERGIEFFEKTER

### 5.1 RAPPORT AV 2. OKTOBER 2015

Det er ein forventning om å etablere eit selskap skal resultere i ein økonomisk gevinst utover faglege og administrative gevinstar. Ut frå føringar frå eigarane og det som vert sagt i den politiske debatten, ser ein det som viktig å vise til det som var utgangspunktet for etableringa av selskapet der det vert vist til rapport av 2. oktober 2015 som selskapet er etablert ut frå.

#### **Rapport**

I analysa var prosjektgruppa si tilråding:

*Prosjektgruppen legger til grunn for sine anbefalinger at et nytt felles IKS skal etableres basert på krav i lover og regler. De samme forutsetninger er lagt til grunn i gjennomgang av hver enkelt kommune.*

*Prosjektutredningen har synliggjort et behov for å iverksette tiltak som vil gi økte kostnader i det enkelte brannvesen og kommune. En vil understreke at kostnadene med disse tiltakene vil påløpe det enkelte brannvesen uavhengig av om brannvesenet blir videreført som et selvstendig brannvesen eller går inn i IKSet.*

*Basert på erfaring fra andre IKS kan det forventes å være økonomisk lønnsomt på sikt.*

*I starten er det viktig å finne gode fellesløsninger ved bruk av personell, kjøretøy og utstyr. Dette vil kunne gi reduserte kostnader for alle kommunene som går med i samarbeidet, sammenlignet med om hver enkelt må dekke opp de lovfestede kravene til eget brannvesen.*

I kapittel 6.2 er økonomi særskilt omtala med utgangspunkt i ulike modellar. Her vert det skrevet:

- *En klar intensjon er at kostnaden for den respektive kommune ikke skal bli høyere enn for en sammenlignbar, selvstendig, løsning og at en selvstendig løsning innehar samme beredskapsnivå, som for fellesløsningen.*
- *Det er rimelig å legge til grunn administrative ressurser fra 0,7 til 0,8 pr 10 årsverk i beredskap og forebygging/feing.*
- *Stordriftsfordeler i driften av brannvesenet kan forklares med at enkelte administrative oppgaver kan gjennomføres like effektivt, uavhengig av størrelsen på selve brannvesenet.*
- *Intensjonen med en harmoniseringsmodell er at alle kommuner skal komme bedre ut rent økonomisk, enn de vil gjøre som selvstendig sammenlignbare brannvesen. Denne modellen gir derfor eierandeler som ikke gjenspeiler det direkte innbyggertallet.*
- *Et felles brannvesen i region vil forventes å være økonomisk lønnsomt på sikt. Hovedårsaken er stordriftsfordeler og effektivitetsgevinster som kan oppnås ved å unngå overlappende arbeid og ved å få mer spesialiserte arbeidsoppgaver i driften og administrasjonen av et felles brannvesen. Det er vanskelig å anslå størrelsesordenen på disse virkningene. Det er ikke foretatt egne analyser som tar sikte på å beregne slike effekter.*
- *Stordriftsfordelen og effektivitetsgevinsten som oppnås ved en sammenslåing kan føre til frigjørelse av tid til å arbeide med strategisk og langsiktig planlegging for å sikre tilfredsstillende kvalitet på tjenesten, som igjen kan føre til en bedre oppfyllelse av mål og forskrifter.*

#### **Status ut frå rapport**

Utgangspunktet for ein samanlikning vil vera ut frå første strekpunkt over.

Det kan dokumenterast at kommunane Etne og Suldal har i dag eit høgare kostnadsnivå enn det som dei hadde som deltakar i HBR. Vidare har Sveio kommune dokumentert i ein uavhengig rapport at dei ikkje kan stå åleine då dette vil gi eit dyrare brannvesen enn i dag. På denne måten er forventningar frå 2015 innfridd.

Det som ikkje kjem fram av rapporten er i kva omfang ein innsparing på sikt skal gje.

Det er også viktig å presisere at kostnad med å etablere eit felles selskap ikkje aukar som følge av etableringa i seg sjølv. Auke i driftsramma er eit resultat av tiltak som kjem uavhengig at ei slik etablering (auka kompetansekrav, krav til nye/reviderede brannstasjonar, lønsvekst, endring i forskrift med vidare). Selskapet skal bidra til at auka ikkje vert større enn nødvendig.

Felles organisering gir ein stor effekt i at leiarstillingar i kommunane ikkje vert fleire enn nødvendig. Ved oppretting av selskapet (etter at Haugesund gjekk ut, men med Suldal og Etne) vart endring i leiarstillingar som følger:

Brannsjef: 5 ⇨ 1,

Avdelingsleiar fag: 5 ⇨ 3,

Administrative stillingar: 1 ⇨ 2,

Sum: 11 ⇨ 6,


Vidare er det innsparringar på vaktordningar:

Overordna vakt: 5 ⇨ 2,


Utrykningsleiarvakt: 6 ⇨ 8,

Arbeidet med å tilpasse organisasjonen til vårt dimensjoneringsgrunnlag samtidig som me ønsker å oppny økonomiske synergjar er eit kontinuerleg arbeid. Det vert hevda at me ikkje har tatt innover oss at selskapet har færre eigarar og er blitt mindre. Dette stemmer ikkje og kan visast kart.


Nedskalering av organisasjonen før og etter at Haugesund meldte uttreden og vegen fram til i dag etter at Suldal og Etne er gått ut (+ nedtrekk i ramme):



Opprinneleg organisjonskart der Haugesund brannvesen var ein del av organisasjonen.



Som eit resultat av Haugesund kommune sin uttreden vart organisasjonen skalert ned ut frå dimensjoneringsgrunnlag og økonomisk ramme.



Etter uttreden av Suldal og Etne samt reduksjon i den økonomiske ramma er organisasjonen ytterlegare skalert ned med (vakanse/permanent):

- Avdelingsleiar økonomi
- Informasjonskoordinator
- HMS-koordinator
- Halv stilling som tekniskar
- Områdeleiar beredskap
- Områdeleiar feing og tilsyn

Eit brann- og redningsvesen vert i hovudsak dimensjonert etter innbyggartal, ref. brann- og redningsforskrifta. Organiseringa er redusert sidan 2018 og fram til i dag utover det som innbyggartalet for Haugesund, Suldal og Etne tilseier.

Uavhengig av dette, det skal i planperioden arbeidast for å effektivisere og skape ein mest mogleg dynamisk organisasjon. Dette arbeidet vil fortsette og er viktig for å heile tida søke dei beste løysingane på vegne av selskapet, eigarar og dei tilsette.

Utfordringa er at det ikkje er fleire stillingar å redusere og dersom eigarane ønskjer ytterlegare nedtrekk vil reduksjon av stasjonar vera neste steg. Driftsramma har i all hovudsak faste kostnader og det vil vera reduksjon i beredskap som i så fall er handlingsrommet. Dette vil me ikkje tilrå på noverande tidspunkt i all den tid at analysar viser at dette ikkje er fagleg tilrådeleg.

Uansett, det må i planperioden og i samarbeid med eigarane finne løysingar som gjer til at eigarkommunane har eit nøkternt, men godt brann- og redningsvesen samstundes som rammevilkåra er innanfor det som er mogleg.

Det vil frå haust 2023 arbeidast med ein organisatorisk analyse i eit tverrfagleg arbeidsgruppe der styret er representert.

### 5.3 INVESTERINGAR OG KJØP

Investeringar og kjøp skjer og skal skje på ein måte som gir selskapet økonomisk gevinst.

Rammeavtalar er inngått på fleire områder og det er lønsamt for selskapet (og dermed eigarane) å vera tilknytt kommunale rammeavtalar. Det må i planperioden sikrast at Haugaland brann og redning iks er ein del av forhandlingane ved revidering eller nye kommunale rammeavtalar.

Ved kjøp vil også volum påverke pris, noko selskapet har erfart på ein god måte innanfor brannteknisk utstyr, service og vedlikehald m.m.

Innanfor investeringar er det i hovudsak brannkøyretøy som er aktuelt. Gjennom fagleg og profesjonell innkjøpsprosess vil kostnaden for sjølve produktet kunne reduserast, men like viktig, det er mindre oppfølging av investeringa undervegs og etter mottaking.

Det må vera eit mål for planperioden å etablere ein plan for investeringssyklus for dei ulike køyretøya samt å få fastsett ein måte å rullere og flåtestyre desse mellom stasjonane.

Elles skal det alltid søkast løysingar som er økonomisk og fagleg til det beste for alle partar utan at selskapet sjølv skal måtte investere eller kjøpe. Eksempel kan vera:

- Avtale om tilgang til båt(ar) framfor å eige og drifte (Bokn røde kors).
- Utrykning saman med kommunal helseteneste (Nedstrand og Utsira).
- Samvirke med kommunal helseteneste i brannførebyggande teneste retta mot risikoutsatte grupper (Sveio, Vindafjord).
- Beredskap som ikkje må leggest til stasjonane (redningsdykking og restverdiredning/Haugesund).

Det må i perioden vurderast om det er fleire område innanfor administrasjon, beredskap og førebyggande tenester det vil vera mogleg å ha samarbeid innanfor.

### 5.4 KOMPETANSE

Det er innanfor kompetansekrav og -heving at dei største synergiane kan hentast ut frå eit større samarbeid. Gjennom kontinuitet og det å gjennomføre kurs lokalt, vil kostnadsnivået haldast nede samstundes som eigen kompetanse i organisasjonen vert heva framfor alternativet som er å kjøpe tenesta av eksterne partar.

I planperioden er det viktig å posisjonere seg som vertsbrannvesen kurs og opplæring av brannkonstablar for brann- og redningsskulen gjennom å etablere ein hovudbrannstasjon. Dette vil kunne gi inntekt for dekning av instruktørar.

Vidare må det i perioden lagast planar for korleis kompetanseheving skal skje ut frå ein beredskapsanalyse, både generell kompetanse, men også spisskompetanse som vert plassert på einskilde stasjonar.

## 6 ØKONOMI

### 6.1 FINANSIELLE MÅLTAL

#### **Måltal 1 – netto driftsresultat**

Kommunelova set reglar økonomisk planlegging, noko som er eit bakteppe for det økonomiske planarbeidet. Det vert i § 14.2-c krevd finansielle måltal som verktøy for å ivareta økonomien i eit langsiktig perspektiv. Finansielle måltal til selskapet må vera forankra i eigarkommunane og vera i samsvar med kommunale måltal.

Brutto driftsresultat er forskjellen mellom driftsinntekt og -utgift utan avskrivning. Netto driftsresultat viser kva selskapet har att av inntekt etter at utgift er trekt i frå inkludert finansinntekt og finansutgift. Netto driftsresultat vert sett som ein prosentdel av driftsinntektene og seier kva andel av tilgjengelege driftsinntekter selskapet kan disponere til avsetningar for framtidige investeringar.

Teknisk beregningsutvalg (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør vera om lag 2 % av driftsinntektene, som fungerer som ein sikkerheit mot utfordringar eller inntektsreduksjonar. Som interkommunalt selskap har HBR eigarane sin sikkerheit i rygg og bør derfor legge seg på eit noko lågare nivå.

Det er vurdert som eit formålstenleg måltal for netto driftsresultat til å vera minimum 1 % av brutto driftsinntekt.

#### **Måltal 2 – netto lånegjeld**

Auke i gjeld og kapitalutgifter samt driftsutgifter, vil redusere det økonomiske handlingsrom i tida framover. Selskapet sin samla lånegjeld skal vera i tråd med selskapsavtale § 7-1 som omhandlar opptak av lån.

Gjeldsutviklinga skal vera i samsvar med kostnader (prosent av brutto driftsutgift).

Det er vurdert som formålstenleg måltal for netto lånegjeld til å ikkje overstige 50 % av sum driftsinntekt.

#### **Måltal 3 – disposisjonsfond**

Selskapet må ha tilstrekkeleg økonomisk reserve til å møte ikkje-planlagde hendingar. Dette kan vera svikt i inntekt eller ikkje-forutsett auke på utgiftssida. Ein buffer kan sikrast gjennom å sette av 1 % av eit positivt driftsresultat til eit disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet bør ikkje samla vera meir enn 5 % av driftsutgifter.

Oppbygging av disposisjonsfond må skje over tid og skal på sikt bidra til at selskapet kan eigenfinansiere sine investeringar.

Det er vurdert som formålstenleg måltal for disposisjonsfond å vera i storleiksorden 5 % av netto driftsutgifter der det årleg vert sett av 1 % av driftsresultat til disposisjonsfond.

### 6.2 ØKONOMISK OVERSIKT

**Det vert vist til vedtak i representantskapsmøte 15.05.2023 sak 23/005-Revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026.**

Selskapet er i hovudsak finansiert gjennom refusjon frå kommunar samt salsinntekt frå sjølvkostområdet. Dei fleste kostnader som selskapet har er «låst» gjennom løn og faste driftsutgifter. Det er sårbart når budsjetterte tal ikkje samsvarar med den reelle løns- og prisvekst ettersom det er eit lite handlingsrom for å prioritere om på drift og aktivitet.

Budsjett for 2024 som danner grunnlaget for økonomiplanperioden vert lagt fram som følgjer:

<b>INNETEKTER</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Refusjon Bokn	-1 827 987	-1 849 830	-1 887 068	-2 433 076	-2 433 076	-2 433 076
Refusjon Karmøy	-48 465 043	-48 873 508	-54 680 028	-65 710 336	-65 710 336	-65 710 336
Refusjon Sveio	-6 584 409	-6 652 536	-7 089 982	-8 879 222	-8 879 222	-8 879 222
Refusjon Tysvær	-12 899 603	-13 020 261	-14 206 923	-17 430 554	-17 430 554	-17 430 554
Refusjon Vindafjord	-10 714 527	-10 831 164	-11 618 944	-14 425 348	-14 425 348	-14 425 348
Refusjon Utsira	-463 291	-471 500	-368 427	-599 276	-599 276	-599 276
Refusjon Suldal	-6 233 279	-2 619 816	-	-	-	-
Refusjon Etne	-5 857 014	-	-	-	-	-
Mva-kompensasjon	-5 764 915	-5 765 028	-6 053 279	-6 053 279	-6 053 279	-6 053 279
Sjukelønsref./f-penger	-935 261	-1 219 244	-727 400	-727 400	-727 400	-727 400
Avg.fr.salg vare/tj.gebyr/rente	-5 769 188	-6 612 903	-7 298 822	-7 298 822	-7 298 822	-7 298 822
Gebyr avg.pl.	-13 820 394	-13 884 144	-14 478 333	-14 478 333	-14 478 333	-14 478 333
Fordelig, ref. kom.disp.f.	-50 883	-50 500	-52 245	-52 245	-52 245	-52 245
<b>Sum</b>	<b>-119 385 794</b>	<b>-111 850 434</b>	<b>-118 461 451</b>	<b>-138 087 891</b>	<b>-138 087 891</b>	<b>-138 087 891</b>
<b>LØN</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Fast løn, heiltid	27 796 284	30 654 722	27 177 019	32 842 864	32 842 864	32 842 864
Faste vakter	12 389 289	11 372 714	14 417 087	14 417 087	14 417 087	14 417 087
Avtalefesta tillegg	12 526 786	10 081 662	10 579 519	10 579 519	10 579 519	10 579 519
Løn per time/vikar ved sykd.	4 890 373	1 600 082	3 850 000	3 850 000	3 850 000	3 850 000
Utrykningar/overtid	8 077 118	6 829 594	8 189 358	5 189 358	5 189 358	5 189 358
Honorar/møtegodtgjersle	404 000	428 073	404 000	404 000	404 000	404 000
Stipend	320 000	0	316 008	316 008	316 008	316 008
Reiseutg. oppgavepl.	484 309	421 746	438 892	438 892	438 892	438 892
Anna løn	416 325	364 909	191 656	191 656	191 656	191 656
KLP/gruppeliv	6 545 714	7 676 464	7 266 364	8 069 123	8 069 123	8 069 123
Arbeidsgivaravgift	9 992 950	8 278 496	10 335 604	10 758 089	10 758 089	10 758 089
<b>Sum</b>	<b>83 843 148</b>	<b>77 708 462</b>	<b>83 165 507</b>	<b>87 056 597</b>	<b>87 056 597</b>	<b>87 056 597</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Kontor/adm./tif/data/post	1 060 506	961 009	1 439 350	1 058 000	1 058 000	1 058 000
Forbruksmateriale/råvarer	1 725 167	1 563 670	1 289 297	1 366 575	1 366 575	1 366 575
Opplæring/kurs	1 890 699	935 915	1 254 000	1 875 000	1 875 000	1 875 000
Transportutg./køyretøy	3 236 772	2 847 400	2 920 654	2 900 000	2 900 000	2 900 000
Husleie/drift stasjoner	8 037 973	7 582 239	6 825 431	18 236 705	18 236 705	18 236 705
Programvare/lisensar	1 234 157	1 265 236	1 134 663	1 134 663	1 134 663	1 134 663
Avtalar, gebyr, lisensar, forsikr.	4 573 278	4 165 305	4 057 611	4 057 611	4 057 611	4 057 611
Tjenester/110	11 454 418	7 684 130	8 814 306	7 250 000	7 250 000	7 250 000
Mva.komp.ordning	5 764 915	5 765 028	6 053 279	6 053 279	6 053 279	6 053 279
Avskrivinger	6 096 939	6 122 411	6 397 919	6 397 919	6 397 919	6 397 919
<b>Sum</b>	<b>45 074 824</b>	<b>38 892 343</b>	<b>40 186 510</b>	<b>50 329 752</b>	<b>50 329 752</b>	<b>50 329 752</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>9 532 178</b>	<b>4 750 371</b>	<b>4 890 566</b>	<b>-701 543</b>	<b>-701 543</b>	<b>-701 543</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNT.</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Renteinntekt/utbyte	-169 915	-130 000	-95 184	-150 000	-150 000	-150 000
<b>Sum</b>	<b>-169 915</b>	<b>-130 000</b>	<b>-95 184</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTG.</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Renter og låneomkostningar	475 360	975 457	687 175	647 818	647 818	647 818
Avdrag lån	1 524 044	1 843 371	1 249 782	1 167 523	1 167 523	1 167 523
<b>Sum</b>	<b>1 999 404</b>	<b>2 818 828</b>	<b>1 936 957</b>	<b>1 815 341</b>	<b>1 815 341</b>	<b>1 815 341</b>
<b>MOTPOST AVSKRIVNINGAR</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Avskrivning motpost	-6 096 939	-6 122 410	-6 428 532	-6 428 532	-6 428 532	-6 428 532
<b>Sum</b>	<b>-6 096 939</b>	<b>-6 122 410</b>	<b>-6 428 532</b>	<b>-6 428 532</b>	<b>-6 428 532</b>	<b>-6 428 532</b>
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>5 264 728</b>	<b>1 316 789</b>	<b>303 807</b>	<b>-5 464 734</b>	<b>-5 464 734</b>	<b>-5 464 734</b>
<b>AVSETNINGAR</b>	R-skap-22	Budsj-23	Budsj-24	Budsj-25	Budsj-26	Budsj-27
Bruk av disp.fond	-8 298 065	1 407 847	-49 019	712 408	712 408	712 408
Bruk av bundne avs. Fond	-543 453	-1 377 572	-254 788	-	-	-
Overført til investering	3 576 790	60 786	0	750 000	750 000	750 000
<b>Sum</b>	<b>-5 264 728</b>	<b>91 061</b>	<b>-303 807</b>	<b>1 462 408</b>	<b>1 462 408</b>	<b>1 462 408</b>
<b>MER-/MINDREFORBRUK</b>	<b>-</b>	<b>1 407 850</b>	<b>0</b>	<b>-4 002 326</b>	<b>-4 002 326</b>	<b>-4 002 326</b>

Deflator 2024: 4,5 %  
Reduksjon i ramme: 1,0 %

Det er i revidert selskapsavtale lagt opp til at harmoniseringsmodellen skal videreføres. Sjølv om selskapsavtala ikkje er vedteke i ein av kommunane (per 25.07.2023), forutset ein at dette er førande for budsjett 2023 og økonomiplanperioden.

Driftsbudsjett og investeringar vert fordelt etter fordelingsnøkkel. Investeringar som kvar einskild kommune er ansvarleg for (etterslep) vert fakturert særskilt der kostnaden høyrer heime.

Fordelingar per eigarkommune er etter dette:

	Fordeling	%-fordeling	"Etterslep" lån	Samla kostnad
Refusjon Bokn	1 887 068	2,10 %	206 047	2 093 115
Refusjon Karmøy	54 680 028	60,85 %	-	54 680 028
Refusjon Sveio	7 089 982	7,89 %	218 534	7 308 516
Refusjon Tysvær	14 206 923	15,81 %	268 485	14 475 408
Refusjon Vindafjord	11 618 944	12,93 %	462 044	12 080 988
Refusjon Utsira	368 427	0,41 %	131 121	499 548
Sum	89 851 372	100 %	1 286 231	91 137 603

## 6.4 INNTEKTER

Hovudtyngde av inntekt til selskapet er rammetilskot frå kommunane, sjukelønsrefusjonar og gebyrlagt teneste innanfor sjølvkostområdet samt inntekt frå alarmkundar. Handlingsrommet er lite for å påverke av eigne inntekter. Det er iverksett eit prosjekt for å sjå på mogleg sal av tenester, men det er ikkje forventa ein effekt av eventuelt sal i planperioden. Alarmkundar er stabilt og selskapet har ikkje moglegheit for å utøve sal av denne tenesta.

## 6.5 FOND

Etter selskapsavtale og i tråd med lov om interkommunale selskap § 18, kan det etablerast fond for kommande investeringar og utgifter. Eit slik fond må stå i samsvar med selskapet sine oppgåver og plikter og skal bidra til at eigarkommunane sine tilskot vert utjamna.

Tenester etter sjølvkostprinsippet skal førast mot sjølvkostfond med noter, ref. forskrift om sjølvkost.

Det er ikkje lagt opp til bruk av sjølvkostfond eller ubundne fond i planperioden.

## 6.6 GJELDSBYRDE

Etter selskapsavtalen § 7.1 er det ei låneramme på kr. 20 000 000,- med formål om å ta opp lån for å kunne investere i anlegg og driftsmidlar. Etter lov kan selskapet også ta opp likviditetslån.

Avdragstid for HBR sine lån skal minimum reflektere levetida for anleggsmidlane.

Selskapet har finansiert kommunale lån over selskapet si låneramme då «etterslep» skildra i selskapsavtale § 2-1. Låneramme vert ikkje endra og det medfører at kommunane må overta sin del av låneramma. Dette utgjør:

	Totalt	Avdrag per 31.12.2023	Restbeløp
Tysvær kommune	4 300 000	632 011	3 667 989
Sveio kommune	3 500 000	514 428	2 985 572
Utsira kommune	2 100 000	318 762	1 781 238
Vindafjord kommune	7 400 000	1 087 647	6 312 353
Bokn kommune	3 300 000	485 032	2 814 968
Karmøy kommune	-	-	-
Sum	20 600 000	3 037 880	17 562 120

Tabell for gjeldsutvikling i økonomiplanperiode:

	2019-2022	2023	2024	2025	2026	2027
Låneopptak	20 000 000	27 429 227	13 523 736	13 523 736	13 523 736	13 523 736
Avdrag	3 654 574	1 843 371	1 167 523	1 167 523	1 167 523	1 167 523
Restgjeld	16 345 426	25 585 856	12 356 213	12 356 213	12 356 213	12 356 213

Det er eit udekket finansieringsbehov av to mannskapsbilar frå 2022 som må dekkast inn gjennom lån i 2023 på kr. 6 327 061,-.

Det vert ikkje lagt inn investeringar i økonomiplanperioden før selskapet har oversikt over eigarstruktur og resultat av framtidig brannordning.

Rentenivået i åra framover vil avhenge av fleire usikre faktorar. Låneporteføljen for 2024 – 2027 har ei estimert rente på 4,17 %.

## 7 SJØLVKOSTOMRÅDET FEIING OG TILSYN

### 7.1 GRUNNLAG FEIE- OG TILSYNSGEBYR

Etter rammeoverføring frå kommunane er det tilsyns- og feiegebyr som er selskapet si største inntektskjelde der tenesta er eit sjølvkostområde.

Det er i dag ulike gebyr i dei ulike eigarkommunane som ein konsekvens av ulike innbyggartal/bustadar og dermed ulikt dimensjoneringsgrunnlag. HBR fakturerer eigarkommunane for planlagt arbeid og kvar einskild kommune fastset feie- og tilsynsgebyr ut frå dette.

Kostnad for 2024 er budsjettert til kr 14 478 350,-. I kostnaden er Suldal kommune medrekna, jf. avtale inngått juli 2023. Det er i planperioden ikkje budsjettert med avsetningar eller bruk av bundne midlar.

Gjennomføring av feiing og tilsyn for kvar einskild bustad har ein frekvens som er sett ut frå kartlagt behov.

Fakturering for feiing og tilsynsgebyr til kommunene for budsjettår 2024 vert:

	Antal	Avgift	Antal	Avgift	Antal	Avgift	Antal	Avgift	Antal	Avgift	Antal	Avgift	Antal	Avgift
Feiing	371	736	10761	438	2590	276	9978	219	4394	156	175	84	19	62
Tilsyn	81	736	325	438	47	276	20326	219	6806	156	1876	84	80	62
Sum frekv.		332 672		4 855 668		727 812		6 636 576		1 747 200		172 284		6 138
Sum tot.														14 478 350

Kommune	Bustad	Hytte	SUM
Bokn		267 602	
Karmøy		7 445 569	
Sveio		1 163 622	
Tysvær		1 938 530	902 197
Utsira		59 997	
Vindafjord		1 853 830	
Suldal		847 004	-
<b>Sum</b>		<b>13 576 153</b>	<b>902 197</b>
			<b>14 478 350</b>

Grunnlaget for feie- og tilsynsgebyr er faste og variable kostnader for feietenesta i Haugaland brann og redning iks. Kommunen kan legge til sine egne kostnader ved fastsetting av gebyr. Nokon eigarkommunar nyttar differensierte gebyr basert på tenestehyppigheit.

Fritidsbustadar må ikkje fakturerast årleg for feiing og tilsyn, men kan fakturerast etter utført arbeid til same sats som gebyrsatsar for heilårsbustadar. Arbeidet med å kartlegge fyringsanlegg i fritidsbustadar er pågåande og har blitt noko nedprioritert som følge av etterslep på heilårsbustadar.

Det vil i planperioden (frå 2025) vera ein vurdering av omfanget for feiing og tilsyn i all den tid avtale med Suldal går ut. Dette er ikkje lagt inn som reduksjon av inntekt/utgift då gebyr for fritidsbustadar kan kompensere for bortfall av avtale.